



# DEN NORSKE KYRKJA

## Helgheim sokneråd Referat 12.02.2026

Styre, råd og utval <b>Helgheim sokneråd</b>	Møtestad Skei Misjonshus	Møtedato <b>12.02.2026</b>
Arkiv nr.		Møteslutt 19.05. - 20.40

Til stades på møtet:

Desse møtte: Hildegunn Huus, Steinar Dvergsdal, Bjørn Anders Steinsund, Marit Vallestad, Norvald Nedrebø, Camilla Klakegg, Aud Førde
Meldt forfall
<b>Saker 1 – 5/26</b>

### Sakliste:

**Sak 01/26 Godkjenning av innkalling.**

Vedtak: Innkallinga godkjent utan merknad.

**Sak 02/26 Godkjenning av referat av 27.11.25**

Vedtak: Referat godkjent utan merknad.

**Sak 03/26 Årsmøte for Helgheim sokneråd.**

19. april etter gudstenesta. Årsmelding for 2025 – frist for å sende inn tekst er 10. mars til kontoret.

**Sak 04/26 Helgheim kyrkje er 150 år i 2027.**

Enige om at dette må feirast og vi må starte å tenkje litt på korleis dette skal markerast. Utvida jubileumsgudsteneste og evt. ein konsert ? Skal ein lage ei jubileumsbok ? ta kontakt med aktuelle personar som kan ta på seg dette. Lage ein foldar om kyrkja ? Ta ei synfaring i kyrkja etter årsmøte 19. april for å lage til ein plan over vedlikehald som bør takast før jubileumet. Alle tenkjer litt om idear fram til neste møte.

**Sak 05/26 Meldingar/Orienteringar.**

Neste soknerådsmøte vert i mars med gjennomgang/godkjenning av årsmelding og gjennomgang av rekneskap og budsjett ved Trond.

Kirkens Nødhjelp fasteaksjon 23. mars - sak oppe på fellesmøte i dag.



Stell av graver:

Hildegunn lagar ein kostnadsplan til neste møte Kva vil det koste med forskjellige tenester : f.eks planting, krans til jul og liknande.

Sette inn i Hyrdingsrøysta og orientere litt om eit tilbod vi jobbar med om det er interesse for dette.

Speidarane - fleire leiarar ?

Hildegunn er blitt kontakta av speidarleiaren der dei ønskjer hjelp til å finne fleire som kan hjelpe til. Nokre av leiarane ønskjer å slutte /trappe ned.

Hildegunn vil skrive litt i Hyrdingsrøysta om speidaren og deiras viktige arbeid - er det nokon som kan tenkje seg å bidra /hjelpe til.

Møte med trusopplærarane : Silje og Gerd - er det nokon mulighet for å bidra med hjelp til speiarane.

Dårleg lyd i kyrkja - feil bruk av mikrofon.

Det har ved gudsteneste og gravferder vore dårleg /feil bruk av mikrofon.

Norvald og Bjørn Anders har ansvar for å sjekke dette. Lage til ei enkel bruksanvisning og kven har ansvar ved tilstellingar i kyrkja.

8. mars er det gudsteneste på Skei Misjonshus kl 14. Etter på blir det kyrkjekafè og basar til inntekt for huset.

Aud Førde  
møteskrivar